

## Faun notat 4-2014.

### Slåttemyr i Støyldalen, Nissedal kommune


Oppdragsgevar: Skagerrak Kraft AS

#### 1. Konklusjon

Det finst ikkje grunnlag for å skilje ut nokre område som naturtype slåttemyr og beitemyr i influensområdet til Støyldalen kraftverk.

#### 2. Innleiing

Under synfaring i samband med planar om Støyldalen småkraftverk 4.6.2014 blei det reist spørsmål om førekomst av slåttemyr. Det viser seg at rørgata vil berøre myrar som tidlegare har vore nytta til slått. Spør etter myrslåtten er synleg i form av to nedfalne høybuer. I ein e-post frå Fylkesmannen 25.6.2014 blir det vist til at slåttemyr er ei utvald naturtype, og ein etterlyser derfor ei naturtypekartlegging med vekt på slåttemyr etter DN-handbok 13-2004 (revidert 2007). Eventuelle slåttemyrar skal verdisetjast og artsinventaret skal kartleggast. Skagerrak Kraft ved Lars Ole Thunold har bedt Faun Naturforvaltning å utføre ei slik registrering. Faun Naturforvaltning har tidlegare laga temarapporten for biologisk mangfald i konsesjonssøknaden.



**Figur 1. Kart som viser den planlagde overføringstraseen til Støyldalen kraftverk. Frå Skagerrak Kraft.**

Faun Naturforvaltning AS  
Post/besøksadresse:  
Telefon/fax:  
Bankgiro:  
E-post:  
Internett:

Org nr: 984 731 604  
Fyresdal Næringshage 3870 Fyresdal  
35 06 77 00 / 35 06 77 09  
2801.08.26952  
post@fnat.no  
[www.fnat.no](http://www.fnat.no)



### 3. Registreringa

Registreringa blei gjennomført av naturforvaltningskandidat Helge Kiland 31.7.2014. Kiland har tidlegare laga fleire temarapportar på biologisk mangfald, og var mellom anna ansvarleg for gjennomføring av den fylkesvise verneplanen for myrar i Vest-Agder. Han er godt kjent i heiane mellom Fyresdal og Nissedal. Det var opphaldsvær og sol under registreringa.

Registreringa konsentrerte seg om området ved Breiviksbuine, der rørgatetraseen er tenkt lagt i myra aust for skogsbilvegen. Det er her ein også finn to gamle høybuer som vitnar om at myrane ein gong blei nytta til fôrsanking. I tillegg til ei generell inventering av floraen på myrane blei det også sett nærare på dekningsgraden av karplantar og torvmose innanfor 3 ruter på 1 m<sup>2</sup> lagt ut langs rørgatetraseen.



**Figur 2. Sporlogg 31.7.2014 der høybueene er innlagt.**

Som grunnlag for vurderinga er det nytta DN handbok 13 (2004, revidert utgåve 2007) og NINA Temahefte 12 Vegetasjonstypar i Norge (Fremstad 1997). Naturtypen er også vurdert etter NiN systemet, der det forutan vegetasjon også er lagt vekt på økologiske faktorar. Lyngstad, Moen og Øien (2012) har bruka dette systemet i sine undersøkingar av slåttemyr i Trøndelag (NTNU rapport botanisk serie 2012-6). Opplysningar om bruken av myrane er henta frå lokalkjende samt Kultursoga for Nissedal (Kjell Åsen 1986) og frå artikkelen Utrast av tidlegare heradsskogmeister i Fyresdal Einar Stoltenberg (artikkel frå Viking 1950 publisert av Fyresdal sogelag i 2002).

### 4. Området

Det aktuelle registreringsområdet er prega av furuskog saman med ein del større myrar. Vegetasjonsregionen er nordboreal og klart oseanisk. Det synes mellom anna på førekomsten av

klokkelyng og rome. Pors manglar, noko som avgrensar området mot sørboreal/mellomboreal vegetasjonssone.



**Figur 3. Fastmattemyr aust for høybu.**

## 5. Resultat

Det blei til saman registrert 27 karplantar på myrane ved Breiviksbuine. Planteliste er vedlagt. Av mosar blei det bare funne torvmosar. Utover dekningsgrad har desse mosane lite å sei for vurderinga og er derfor ikkje nærare artsbestemt. Det er bare funne nøysame og lite næringskrevjande artar. Myrane er flate jordvassmyrar som tilhøyrrer vegetasjonstypen fattig fastmattemyr (K3 etter Fremstad). Typen opptrer noko i mosaikk med fattig tuvemyr (K2) og fattig mjukmatte/lausbotmyr (K4), som begge er for små til å skiljast ut som eigne typar.



**Figur 4. Døme på plantar og struktur i myrane. Frå venstre sivblom, i midten kvitmyrak på lausbotn og til høgre bakkemyr med rome.**

Dekningsgrad og artsinventar på utvalde flater er vist i tabell 1. Det var full dekning av torvmosar i botnen, medan innslaget av andre artar varierte.

**Tabell 1. Dekningsgrad i % på utvalde ruter 20 – 30 m frå skogsbilvegen forbi Breiviksbuine.**

Flate	1	2	3
Struktur	Fastmatte	Fastmatte	Fastmatte
Vegetasjonstype	K 3	K 3	K 3
Torvmose	100	100	80
Sveltstorr	10		
Stjernestorr			15
Trådstorr		20	
Bjønnskjegg		10	
Torvull		15	10
Blåtopp	20	5	20
Kvitlyng	5	5	5
Småtranebær		5	
Klokkelyng	5		40
Rome	10		
Bukkeblad	5		
Rundsoldogg		15	
Tepperot			10

Dei to høybuene er vist i figur 5.



**Figur 5. Til venstre og i midten den nordlegaste av høybuene. Til høgre den sørlegaste, som ligg nærast skogsbilvegen og den planlagde rørgatetraseen.**

## 6. Vurdering

Det gamle jordbruket var tufta på at «utmarka gjødslar innmarka». Medan innmarka for det meste blei bruka til åkerland og noko engslått og beite, var det utmarka som stod for det meste av fôrhaustinga. Gjødslar produsert på dette fôret blei så bruka til å gjødsla åkeren. I følgje Heradskommisjonen (1864) var høyavlingane i Nissedal 3669 skippund frå naturleg england, 1169 skippund frå utslått (fjellslått) og 4366 skippund frå myrslåtten. Nesten alle myrar av nokolunde storleik blei slegne. Dei slo ikkje same slåtta kvart år. På Stordale som ligg eit stykke lenger sør i same heiområde fortel Kjell Åsen at dei slo myrane kvart 3. år. På myrane var det i følgje Einar Stoltenberg mange stader særst verdifull slått, men dei beste myrane var dei som ligg meir enn 500 moh og som gjerne er litt bratte. Dei sette helst opp ei høybu der det var utslått, framfor å sette høyet i stakk. Det gjekk meir høy til spille i stakken.

På 1920-30 talet var heislåtten stort sett over. Nokre få stader heldt dei fram til under krigen. På myrane kring Breiviksbuine var slåttan over for meir enn 80 år sidan. Slåtten sette sitt preg på myrane, ved at

lyng og buskar blei haldne borte. Vegetasjonen endrar seg langsamt på myrane, og sjølv fleire tiår etterpå kan ein spore verknadene av myrslåtten. Etter at slåtten er slutt vil overflata på myrane bli meir tuvute og kupert. Bjørk og lyng vil breie seg inn i frå kantane. Torvmosar blir meir dominerande i botnen og blåtopp vil overta meir av feltsjiktet. Det siste kan også vera utslag av sur nedbør og større nedfall av nitrogen.

Slåttemyr er myrar som ikkje er i hevd i dag, men som har ein tilstand som framleis markerer langvarig hevd. På fattige myrar kan ein her vente å finne mellom anna duskull, slåttestorr, følblom og myrstjernemose og mindre innslag av torvmosar. Når ein ikkje finn innslag som markerer langvarig ekstensiv hevd vil ikkje myra lenger bli rekna som slåttemyr. Eit søk i Naturbase viser at det i Telemark er registrert bare 2 lokalitetar med slått- og beitemyr (D02). Den eine ligg i Sauherad og den andre i Vinje. Dei dekker eit areal på til saman 7,5 daa og er rikmyrar med mykje orkidear. For å hindre at dei gror att er det forslag om slått.

Inntrykket er at dei naturtypelokalitetane som kvalifiserer til å bli rekna som prioritert naturtype slått og beitemyr er næringsrike myrar som ofte har ein rik flora av orkidear. Dei er meir produktive enn andre myrar og fôrhaustinga på desse myrane kan derfor ha vart lenger enn på andre og meir næringsfattige myrar. Det synes også å ha vore eit poeng at slike myrar er meir utsette for attgroing og at skjøtsel som slåttemyr er eit tiltak som skal hindre dette.

Fyresdal, 1.8.2014



Helge Kiland